



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Fusa kommune  
**Møtestad:** 157 (Lofet), Kommunehuset i Fusa  
**Dato:** 03.12.2015  
**Tidspunkt:** 11:00- 14:00

### Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Ola Dale	Leiar	H
Bergfrid Norheim	Nestleiar	AP
Richard Markhus	Medlem	SP
Lin Cathrin Anthun	Medlem	H
Arild Heggland	Medlem	V

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader

### Andre som møte:

Navn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Spesialrådgjevar
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte AS

Ola Dale  
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 38/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 39/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 40/15	Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden		2015/108
PS 41/15	Rutinar for kontrollutvalet		2015/108
PS 42/15	Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015		2015/108
PS 43/15	Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet		2015/108
PS 44/15	Teieplikt for kontrollutvalet		2015/108
PS 45/15	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/101
PS 46/15	Orientering - interimsrevisjonsrapport Fusa kommune 2015		2015/99
PS 47/15	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020		2015/96
PS 48/15	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan		2015/97
PS 49/15	Referatsaker		
RS 29/15	Invitasjon frå KPMG til kurs for nye kontrollutval		2015/42
RS 30/15	Invitasjon til kurs - Kontrollutvalet kva og korleis		2015/42
RS 31/15	Tertialrapport 1 og finansreglement til kommunestyret 15.10.15		2015/99
PS 50/15	Eventuelt		

### PS 38/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

##### Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 39/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 03.09.2015

### **Vedtak:**

Protokoll frå møte 03.09.2015 vart godkjent.

## **PS 40/15 Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet ba sekretariatet sende over prosjektplan og vedtak gjeldande pågåande forvaltningsrevisjon verksemdstyring.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 41/15 Rutinar for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

1. .... får abonnement på Kommunerevisoren/Kommunal Rapport
2. .... kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Første møte i 2016 vert.....
5. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Gjeldande forslag til vedtak punkt 1.

Sekretariatet sjekker om det er mogleg med digitalabbonement til tre av medlemmene, (Richard Markhus, Arild Heggland og Bergrid Norheim) Lin Cathrin Anthun og Ola Dale vil ha papirutgåve.

Gjeldande forslag til vedtak punkt 2.

- Lin Cathrin Anthun og Richard Markhus melder seg på NKRF konferansen i februar. Påmeldingsfrist 17. desember.
- Ola Dale og Bergfrid Norheim reiser på FKT – konferansen i juni.
- Det vert sett av tid til erfaringsutveksling med dei andre i utvalet i første møte etter konferansane.

Gjeldande forslag til vedtak punkt 4.

- Legge møteplan i høve møta i dei andre utvala – omlag to veker etter dei andre politiske møta.
- Kontrollutvalsmøta vert i regelen lagt til torsdag kl. 10.00

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Dei faste medlemmene får abonnement på Kommunerevisoren
2. Inntil to (Lin Cathrin Anthun og Richard Markhus) kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Første møte i 2016 vert torsdag 18.02 kl. 10.00
5. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

## **PS 42/15 Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

## **PS 43/15 Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

## **PS 44/15 Teieplikt for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

## **PS 45/15 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar møtebøkene som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møtebøker vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Plan og miljøutvalet	

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015

### Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar møtebøkene som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møtebøker vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Arild Heggland
Formannskapet	Bergfrid Norheim og Lin Cathrin Anthun
Plan og miljøutvalet	Richard Markhus

## PS 46/15 Orientering - interimisrevisjonsrapport Fusa kommune 2015

### Forslag til vedtak

Saka vert teken til orientering.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015

### Handsaming i møtet:

Sekretariatet informerte kort om bakgrunn for saka. Ein interimisrevisjonsrapport kan sjåast på som:

*«Interimisrevisjon er den revisjonen som gjennomføres i løpet av året for å kontrollere at de interne kontrollene fungerer som forutsatt gjennom året. I interimisrevisjonen går revisor gjennom og tester rutiner, transaksjoner og rapportering innen utvalgte områder.» (Definisjon henta frå Indre Østfold kontrollutvalgssekretariat IKS)*

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet merkar seg at interimisrevisjonsrapporten ikkje føreligg til møtet og vil uttrykke bekymring i høve til sårbarheten på økonomikontoret i Fusa kommune.

### Vedtak:

Kontrollutvalet merkar seg at interimisrevisjonsrapporten ikkje føreligg til møtet og vil uttrykke bekymring i høve til sårbarheten på økonomikontoret i Fusa kommune.

## PS 47/15 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Fusa kommune basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar.

Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 15.01.2015
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Kari Gåsemyr frå Deloitte AS orienterte utvalet.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Fusa kommune basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 15.01.2015
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

### **PS 48/15 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Fusa kommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 15.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Fusa kommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 15.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

## **PS 49/15 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Referatsakene vart tekne til orientering

#### **Vedtak:**

Referatsakene vart tekne til orientering

**RS 29/15 Invitasjon frå KPMG til kurs for nye kontrollutval**

**RS 30/15 Invitasjon til kurs - Kontrollutvalet kva og korleis**

**RS 31/15 Tertialrapport 1 og finansreglement til kommunestyret 15.10.15**

## **PS 50/15 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.12.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Ingen saker meldt

#### **Vedtak:**

Ingen saker meldt.